



Klassane på Uskedal skule hentar juletreet i Hauglandslia.

**Den siste veka på skulen før juleferien var noko annleis det plar vera. Klassane arbeidde i blanda grupper med produksjon av julepynt, baka og la inn øving på program til avslutninga. Det var fellesamling kvar morgon med song og trekking av kven som skulle vera nisse for ein dag. Torsdag var det skulegudsteneste. Veka vart avslutta med felles grautfest i hallen på fredag. Les meir om henting av juletre i Hauglandslia.**

Onsdag var nesten heile skulen til skogs for å finna seg julatre. Sjølv om starten på dagen ikkje gjekk heilt etter planen, så vart det ein flott dag. Vi starta med å gå i samla flokk mot Nilsasvingen. På vegen oppover hadde vi quiz, som alle klassane hadde laga eit par spørsmål til kvar.



Det var lagt inn aktiviserande oppgaver på turen i skogen. Her er det hopprenn.

Når vi kom fram, fyrde vi på bålet, slik at dei som ville grilla eitt eller anna, fekk muligheten til det. Vi hadde avtale om å plukka oss ut eit tre i området rundt svingen, og mellom anna Nissen for dagen' var med på denne jobben. Vi kom så pass høgt opp i terrenget at det låg litt snø i vegen der vi haldt oss, så glade og nøgde elevar var i stor aktivitet heile dagen.

Vi vil retta ei stor takk til Steinar Haugland som let oss sleppa til i skogen sin! Og takk til hjelpsame føresette som skyssa ungar til og frå fjellvegen! Det gjer det mogleg å arrangera turar som dette.

Tekst/foto: Odd Steinar Arnesen/ Kristian Bringedal  
Nett: Kristian Bringedal